



Her er dei to Uskedalslaga som var ubeskjedne nok til å vinna alle kampene sine..Frå venstre bak står Karsten Haugland, Sondre Myklebust, Emil B. Berntsen, Kjartan Tungesvik, Rebekka Hauge, Marius Myklebust, Sander Myklebust og Johannes Haugland. Frå venstre sit Merete Myklebust, Torstein Myklebust, Martin Yri Røssland, Robert Stensletten og Mats Løland Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nokre heftige regnskurer frå tid til annan makta korkje å øydeleggja eller dempa folkefesten på Heio søndag. For ein folkefest vart også Heio-Cup 2007 - i Uskedalen Idrettslag sin velsmurde regi. Sola var også inne og helsa arrangørane, men berre i nokre stutte glimt.

250 fotballspelarar fødd i 1997, 1998, 1999 og 2000 og fordelt på 33 lag frå heile kommunen boltra seg på den grøne og fine grasmatta som var like slitesterk trass i dei store regnmengdene.



"Sekretariatet" arbeide minst like godt som resten av staben. Til høgre Heiocupsjef Odd Steinar Arnesen og til venstre sekretær Klara Bakke. Idrettslagsleiar Michael Røssland i midten hadde all grunn til å smila. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette var sjuande gongen denne fotballfesten for dei heilt unge vart arrangert i Uskedalen og staben med cupleiar Odd Steinar Arnesen i spissen fortener stor honnør for at alt gjekk til de grader på skinner.

For eit puslespel må det vera når så mange lag skal stokkast slik at slik at det ikkje blir for lang tid mellom dei tre kampene dei skal spela. Men så vidt vi kunne observera gjekk alt greitt, med fire fotballbanar på ei bane!.

Å spela fotball er framleis meir leik enn ålvor for desse årsklassane og foreldra er nok ofte vel så sterkt engasjerte som ungene. I hvert fall var stemninga til tider svært høg og det hagla av velmeinte råd mellom heiaropa på arenaen. Her var det sanneleg samla mange ekspertar!



- Heia Rosendal! Amund Hjelemeland, Inger Helen Hjelemeland og Ann Torunn Bauge jublar over eit velplassert skot på Heio. (Foto: Ola Matti Mathisen)..

Men vertane var ikkje berre flinke til å arrangera – dei viste også at dei kan å spele fotball heilt frå barnsbein av. Uskedalen Idrettslags to lag i 99-årgangen var nemlig så ubeskjedne at dei vann alle dei seks kampane dei stilte opp i.

Uskedalen 1 slo Rosendal J98, Halsnøy og Rosendal G99, medan Uskedalen 2 vann over Trio Valen, Rosendal J98 og Rosendal G99.

Men alle fekk sjølvsagt diplom og premie anten dei vann eller tapte.

Heller ikkje parkering og trafikk baud på problem - planleggjing og gjennomføring var også på dette punktet god med flinke parkeringsvaktar og heimattkøyring på andre sida av dalen.

Endeleg gjekk kioskalet som smurt. Og vaflane var gode!

Av Ola Matti Mathisen



Truleg hadde uskedelingen Johannes Haugland det høgste sparket under Heio-Cup 2007! (Foto: Ola Matti Mathisen)